

## Merknad til førehandskonferanse mellom Vike Camping og marina og Alver kommune

Dette er ein kommentar til Alver kommune i høve med utviklinga av Vike camping på Vikanes. Mitt namn er Torgeir Andvik og eg er eigar av nabogarden til tiltaket, gards- og bruksnummer 219/2.

Me som bur på Vikanes har sidan campingplassen starta opp i 70-åra måtte forholde oss til den. Underteikna har sjølv sagt ikkje det, men me har allerie stifta fleire bekjentskap med den. Det har aldri vore enkelt. Alle som bur i nærleiken er særskilt negativt innstilt til campingplassen. Det er det mange grunnar til. Eigar av campingen har uttallige gongar tatt seg til rette med ei rekkje tiltak. For enkelte har det vore ei nærast livslang bekymring å passe på sin eigen gard og grunn. Me som bur her ynskjer alle saman at campingplassen forsvinn. Og det er også det som er det einaste rette ifølgje kommunen sjølv. Eg fryktar at kommunen og tiltakshavarane no skal innleia ein legaliseringsprosess som endar med at alt eller deler av campingen blir ståande slik den er. Det kan ikkje verken eg eller nokon andre her inne leva med. Me har levd med desse ulovlege tiltaka i så mange år at viss det ikkje no vert fjerna og tilbakeført slik det var, er det eit stort hån mot oss alle. Det ville vera uforståeleg etter mange vedtak og pålegg om riving opp gjennom åra, at det no ikkje vert gjort. Me ber innstendig om at kommunen fattar vedtak og pålegg som sikrar dette.

Me har mellom anna opplevd narkomane i uthus og hagar om natta, fest, bråk og politi og ambulansar om natta, tjuveri, stor trafikk gjennom tuna i høgtider, feriar og langhelger sjølv om det er skilta «køyring til eigedomane tillate».

Når det gjeld tiltakshavarane Vike Camping og marina AS har dei no fått endeleg avslag på søknad om konsesjon for eigdommen. Kva skjer då?

Selskapet(Vike camping og marina) driv i dag eigedomen slik det har vore gjort tidlegare. Sjølv i dag (28.07.2021) er det full drift på campingen. Sjølv om kommunen har gjeve klar melding om av ulovleg bruk må opphøyre. Det er blant anna utleige av spikertelt, hytter, bustadhus, campingbilar, campingvogner, båtar og flytebyggjer. Viss eg forstår kommunen riktig er alle desse tinga ulovleg etablert og skal fjernast. Både historien tidlegare og dei noverande ulovlege forhold viser at det må mykje serkare lut til for å lukkast. Selskapet viser ei veldig dårelg haldning ovanfor kommunenm lokalsamfunnet og lovar og reglar. Det er litt rart at selskapet vidarefører ei drift som ikkje er lovleg, då to av eigarane er advokatar. Det kom veldig klart fram i salsoppgåva at det desse tinga ikkje var i orden, som då burde ført til opphør av drifta.

Eg håpar og trur at Alver kommune gjer gode vurderingar, og treff dei rette slutningane som kan føre denne saka vidare, og fram mot det punktet me alle har venta på lenge. Historia har vist, at det ikkje er enkelt å gjere nettopp det. Men, eg set mi lit til kommunen, i god tru. Noko må skje no, for no er det over 40 år sidan campingen vart etablert.

